

Nasjonal tevling for husflid, handverk og design 2026

Påmeldingsskjema - eit skjema per innlevert produkt

Kontaktinfo utøvar	
*Namn:	*Fødselsår:
*Adresse:	*Poststad:
*Telefon:	*E-post:

Alle felt merka med raud stjerne MÅ fyllast ut. Skriv tydeleg.

*Kategori	*Klasser – sett kryss					VIKTIG! Fyll ut maks eit skjema per innlevering
Tre	☐ Rekrutt	☐ Handverk	☐ Formgjeving		☐ Open klasse	
Tekstil	☐ Rekrutt	☐ Handverk	☐ Formgjeving	☐ Trad.tekstil	☐ Open klasse	
Sylv	☐ Rekrutt	☐ Handverk	☐ Formgjeving		☐ Open klasse	
Keramikk	☐ Rekrutt	☐ Handverk	☐ Formgjeving		☐ Open klasse	
Smiing	☐ Rekrutt	☐ Eggverktøy/ verktøy	☐ Kunstsmiing /eksperimentell form	☐ Knivblad	☐ Open klasse	
Kniv	☐ Rekrutt	☐ Brukskniv	☐ Påkosta brukskniv	☐ Staskniv	☐ Open klasse	
Rosemåling	☐ Rekrutt	☐ Tradisjonell rosemåling	☐ Lasering/ dekormåling		☐ Open klasse	

Opplysingar om arbeidet – sjå eigen rettleiing for meir info om kva vi treng av utfyllande informasjon.		
*Kva leverer du? (Teknikk + gjenstand) NB! Maks eit skjema per innlevering, om du leverer fleire gjenstandar/arbeid	*Produksjonsår må vere ferdigstilt i 2025/2026	*Verdi
*Materialval		
*Teknikkar - ev. bruk av maskiner skal nemnast		
*Kort arbeidsbeskriving (bruk gjerne eige ark)		
Form og/ eller funksjon		

Andre sentrale opplysingar

Medprodusent – dersom fleire personar har bidratt til ferdig produkt

Namn	
Adresse	Poststad
Telefon	E-post
Kort arbeidsskildring av bidrag (vert ikkje vektlagt ikkje i dømninga)	Eventuelle andre opplysingar
Leverer medprodusent eige påmeldingsskjema for dømning av sitt bidrag?	☐ Ja ☐ Nei
Ønskjer medprodusent å bli oppgitt med namn i utstillinga?	☐ Ja ☐ Nei
*Skal arbeidet hentast eller sendast? Arbeidet kan hentast frå kl. 17:00 søndag 13. september	☐ Hentast ☐ Sendast i posten
*Eg samtykker til reglementet for tevlinga (sjå under)	☐ Ja
Eg samtykker til at Dyrsku'n kan dele kontaktinformasjon til potensielt interesserte gjester	☐ Ja ☐ Nei

PÅMELDINGS- OG INNLEVERINGSFRIST 10. AUGUST

Produkt skal sendast til:

- Dyrsku'n Arrangement AS, Husflid, Nordbygdivegen 60, 3840 Seljord
- Spørsmål om praktisk levering av produkt: Dyrsku'n - tlf: 35 06 57 70

Spørsmål om utfylling av skjema og andre faglege spørsmål:

- Anna Katharina Garmeister, prosjektleiar husflidsutstillinga Dyrsku'n
- Tlf: 932 68 096, e-post: husflidsutstilling@vtm.no

Reglement

Den nasjonale tevlinga i husflid, handverk og design skal synleggjere og styrke faga for eit breitt publikum. Det vert oppmoda til bruk av miljøvenlege, etiske og kortreiste material.

Reglar for deltaking

1. Arbeidet må meldast på av utøveren. Medprodusentar skal dokumenterast med namn og rolle, og kan meldast på separat.
2. Arbeidet må vere ferdigstilt i 2025–2026 og halde høg kvalitet.
3. Eitt arbeid kan berre delta i éi klasse.
4. Eitt arbeid kan berre delta i tevlinga éin gong.
5. Maks tre arbeid per klasse per deltakar. Klassar med færre enn tre deltakarar vert avlyste.
6. Alle deltakarar må dokumentere prosessen med tekst, skisser og/eller foto.
 - Rekruttklassa skal oppgi rettleiars rolle og bidrag.
 - I open klasse og formgjevingssklasse må utøvar stå for heile prosessen frå idé til ferdig produkt.
 - Tradisjonstekstil krev eigen dokumentasjon av bakgrunn, mønster og inspirasjon.
 - I eggverktøyklassa må eitt knivblad sendast inn til knekking.
7. Dømminga er endeleg og kan ikkje klagast på, bortsett frå ved tekniske feil.
 - Eventuelle saker om dømming skal sendast til husflidsutstilling@vtm.no
 - Omtale av tevlinga skal vere sakleg og respektfull.
 - Alle involverte skal vise gjensidig respekt.
8. Brot på reglementet kan føre til diskvalifisering eller utestenging.

Rettleiing til påmeldingsskjema

Eit godt utfylt skjema gir betre grunnlag for rettvis dømming.

- **Kategori/klasse:** Kryss av for klasse. Maks éi klasse per arbeid.
 - **Kva leverer du:** Skriv teknikk/fagområde og type gjenstand.
 - **Produksjonsår:** Arbeidet må vere utført i 2025–2026.
 - **Verdi:** Salsverdi. Dokumentasjon er naudsynt ved postforsending.
 - **Materialval:** List opp alle nytta material og grunngje vala dine.
 - **Teknikkar:** Forklar teknikkane som er nytta i arbeidet, også bruk av maskiner.
 - **Kort arbeidsskildring:** Kort omtale av arbeidsprosessen. Bruk evt. eige ark.
 - **Form/funksjon:** Forklar val knytt til form og/eller bruk.
 - **Andre opplysningar:** Er det anna som er relevant å nemne? Til dømes relevant bakgrunn, kjelder, rettleiarar og medverkande. Bruk eige ark ved behov.
 - **Henting/sending:** Kryss av om arbeidet skal hentast eller sendast.
 - **Medprodusent:** Skriv dette dersom andre har delteke i arbeidet.
-

Val av klasse

Utøveren vel sjølv klasse. Dommarane vurderer arbeida etter kriterium for kvar klasse. Til info: I unntakstilfelle kan dommarane flytte eit produkt frå ei klasse til ei anna, dersom dette kjem innsendar til gode.

- **Rekruttklasse:** For elevar, studentar, lærlingar og andre i opplæring.
- **Open klasse:** For arbeid som ikkje passar i andre klassar.
- **Formgjeving:** Utøvar må ha vore med frå idé til ferdig produkt. Form og komposisjon vert vektlagt.
- **Handverk:** Teknisk utføring vert vektlagt. Utøvar treng ikkje ha utforma mønster sjølv.
- **Tradisjonstekstil:** For bunader og andre tradisjonelle tekstilar. Dokumentasjon av kjelder og val er påkravd. Til dømes: mønster, arbeid til inspirasjon, kva val som er gjort av utøvar osv.
- **Staskniv:** Tradisjonell kniv og slire til bunad eller festdrakt/festantrekk.
- **Brukskniv:** Tradisjonell eller moderne kniv til allsidig bruk, med strenge krav til material og utføring. Skaftmateriale er valfritt, men skal ikkje vere av stein, mammut, kvaltann eller andre eksotiske materialar. Skaftet skal ikkje ha holk med dekor eller anna form for dekor. Skaftet kan ha tynne lamellar og andre materialar som delar skaftet. Slira skal vere utan metallbeslag. Bladet kan vere laminert eller heilstål utan graving og dekor. Bladet kan ikkje vere damask eller mønstersmidd.
- **Påkosta brukskniv:** Som brukskniv, men med friare material- og dekorval. Produsent kan fritt velje materialar til kniv og slire. Skaftmaterialar er valfritt, der ein også kan velje mammut, kvaltann og andre eksotiske materialar. Fritt val av dekor på skaft. Bladet kan vere damask, heilstål eller laminert.
- **Knivblad:** Sjølvsmidd knivblad vurdert på laminering og struktur. Det må leverast eit knivblad til knekking per produkt (Dette gjeld ikkje for damasksmidde blad).

Premie og prisutdeling

Søndag 13. september 2026 kl. 14.00 i TettPå, nær Hovudinngangen.

Overrekking av premie, diplom, prisar samt stipend, med kulturelle innslag. Dyrsku'n feirar 160-årsjubileum i 2026 og opprettar i den samanheng Publikumspris på husflidsutstillinga.

Alle påmelde deltakarar får ein dagsbillett til Dyrsku'n.